



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Rapport etter tilsyn

Kommunal beredskapsplikt

Eide kommune

Tilsynsdato: 18.10.2016

Rapportdato: 11.01.2017

Innhold

1	BAKGRUNN OG GJENNOMFØRING	3
1.1	FØREMÅL OG HEIMELSGRUNNLAG.....	3
1.2	PÅLEGG OM GJENNOMFØRING	3
1.3	TILSYNSTEMA	3
1.4	GRUNNLAGSDOKUMENTASJON.....	4
1.5	GJENNOMFØRING	5
2	HOVDINNTRYKK	6
3	RESULTAT FRÅ TILSYNET	7
3.1	MERKNADER	7
4	VIDARE OPPFØLGING	8

1 Bakgrunn og gjennomføring

Tabellen nedanfor oppsummerar nøkkelopplysningar om gjennomføringa og vidare oppfølging. Dei vidare avsnitta gir utfyllande opplysningar om heimelsgrunnlag, grunnlagsdokumentasjon og deltakarar.

Tidspunkt for tilsynet:	10.05.2016 (formøte) 18.10.2016 (tilsyn)
Adressa til kommunen:	Rådhusvegen 7, 6490 Eide
Kommunennummer:	1551
Kontaktperson i kommunen:	John Olav Gautvik
Fylkesmannen sitt tilsynslag:	Stine Sætre (tilsynsleiar) Atle Morsund
Tilsynsrapporten er skriven av:	Atle Morsund
Tilsynsrapporten er godkjent av:	Helge Mogstad
Førebels tilsynsrapport sendt:	12.12.2016
Endeleg tilsynsrapport sendt:	23.01.2017

1.1 Føremål og heimelsgrunnlag

Føremålet med tilsynet er å sjå til om Eide kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med aktuelle krav fastsett i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Tilsynet er gjennomført med heimel i § 29 i sivilbeskyttelseslova og § 10 i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

1.2 Pålegg om gjennomføring

I Justis- og beredskapsdepartementet sitt embetsoppdrag til fylkesmennene er det fastsett at fylkesmannen skal føre tilsyn med kommunane sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Tilsyna skal gjennomførast i samsvar med DSB sin tilsynsrettleiar, og det skal førast tilsyn med den einiskilde kommune minimum kvart fjerde år.

1.3 Tilsynstema

I møte mellom DSB og fylkesmennene i mars 2015 presiserte DSB at alle krav i forskrift om kommunal beredskapsplikt skal vurderast under tilsyna i 2016.

1.4 Grunnlagsdokumentasjon

Desse dokumenta vart sende frå kommunen til fylkesmannen før tilsynet:

Nr.	Dokument	Datering
1.	Styringsdokument for arbeidet med samfunnssikkerhet og beredskap	Ikkje datert
2.	Helhetlig ROS-analyse	Ikkje datert
3.	Beredskapsplan for Eide kommune	29.09.2016
4.	Saksframlegg - Kommunal planstrategi 2016 – 2019 – Eide kommune	15.09.2016
5.	Kommunal planstrategi 2016 – 2019 – Eide kommune - Høringsuttale	Ikkje datert
6.	Kommuneplan for Eide 2004 – 2016	Ikkje datert
7.	Planbeskrivelse for kommunedelplan Nåsvatnet 2014 – 2020	01.11.2015
8.	Kommunedelplan Nåsvatnet	01.03.2016
9.	Eide kommune – Lederavtale 2016 - Blanco	Ikkje datert
10.	Situasjonsrapport beredskapsøvelse Fårikal	29.09.2014
11.	Revidert Helhetlig ROS-analyse	04.11.2016

1.5 Gjennomføring

Formøte med Eide kommune vart gjennomført 10.05.2016. Tilsynsbesøk med opningsmøte, intervju og sluttmøte vart gjennomført 18.10.2016. Kven som deltok går fram av tabellen under.

Deltakarar	Stilling	Formøte	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Egil Strand	Ordførar	X	X	X	X
Ole Bjørn Moen	Rådmann	X	X	X	X
John Olav Gautvik	Beredskapskontakt	X	X	X	X
Stine Sætre	Fylkesberedskapssjef		X	X	X
Atle Morsund	Rådgjevar	X	X	X	X

2 Hovudintrykk

Dei fleste elementa i den kommunale beredskapsplikta er på plass, og arbeidet framstår som gjennomtenkt og godt tilpassa lokale behov.

Heilskapleg ROS-analyse er no på plass, og står fram som grundig og god. Den heilskaplege ROS-analysen skal politisk forankrast i 2016 saman med beredskapsplan og styringsdokument for beredskap. Det går ikkje fram av grunnlagsdokumentasjonen for tilsynet i kva grad relevante offentlege og private aktørar faktisk har vore med i arbeidet med ROS-analysen.

Kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er omtalt på strategisk nivå i styringsdokument for arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap, som skal forankrast politisk hausten 2016. Styringsdokumentet gir ein god oversikt over planverk og korleis kommunen skal arbeide, og arbeider, med samfunnstryggleik og beredskap.

Kommunen sitt ansvar er òg nemnt i planstrategien som er på høyring. Planstrategien kunne med fordel ha vært meir tydeleg på korleis kommunen skal arbeide med samfunnstryggleik og beredskap i planperioden, og vi meiner styringsdokumentet burde vore nemnt her.

Beredskapsplanen er gjennomarbeidd, tilpassa lokale behov, og oppdatert i september 2016. I planverket går det fram at kommunen skal bruke DSB-CIM som verktøy for å systematisere beredskapsplanverket.

Vi vil elles råde kommunen til å etablere eit beredskapsråd der relevante offentlege og private samarbeidspartar deltek. Dette kan vere eit godt fora til å løfte fram heilskapleg ROS, både for å forankre arbeidet breiare, og for å få innspel om det er andre tema som bør løftast fram i framtidige revisjonar. Eit slikt fora er òg nyttig for å styrke samhandlinga ved krisehandtering.

3 Resultat frå tilsynet

Tilsynet avdekte ingen avvik. Avvik er definert som manglande oppfølging av krav fastsett i sivilbeskyttelseslova §§ 14 og 15 og/eller i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

To forhold er kommentert som merknader.

3.1 Merknader

Merknader er definerte som forhold som ikkje oppfyller definisjonen av avvik, men som fylkesmannen meiner det er grunn til å påpeike for å sikre god oppfølging av beredskapsplikta.

Merknad nr. 1

Fylkesmannen meiner kommunen bør vurdere om deltaking av relevante offentlege og private aktørar i utarbeiding av heilskapleg ROS-analyse har vore god nok, opp mot forskriftskravet. Vi vil og oppfordre kommunen til å følgje sin plan om å forankre ROS-analyse, styringsdokument og beredskapsplan politisk.

Merknad nr. 2

Kommunen sin plan for krisekommunikasjon bør tydelegare beskrive korleis ein praktisk skal informere eigne tilsette i samband med krise og andre uønskte hendingar. Vi trur og beredskapsplanen med fordel kan slankast ved å flytte alle kontakt- og varslingslister til CIM.

4 Vidare oppfølging

Fylkesmannen avsluttar tilsynssaka med denne rapporten, men ber Eide kommune om å vurdere forholda som er påpeika som merknader etter tilsynet.

Dersom kommunen har spørsmål om tilsynsrapporten, kan det formidlast direkte til Stine Sætre, stine.saetre@fylkesmannen.no, 71258485 / 95224419.